HAREID KOMMUNE

TERTIALRAPPORT
1. tertial

2020

INNHALD

1 RÅDMANNEN SI INNLEIING OG OPPSUMMERING side 4

1.1 Tertialrapport side 4
1.1.1 *Økonomi* side 4
1.1.2 *Organisasjon* side 5
1.1.3 *Teneste* side 6
1.1.4 *Lokalsamfunn* side 7

2 ØKONOMI side 8

2.1 Rapport 1A - drift side 8
2.2 Rapport fordelt etter sektor og resultateining side 9
2.3 Rapport 2B - Investeringar side 10
1.3 Stab- og kommunalsjefane sine kommentarar side 13
2.3.1 *Sentraladministrasjonen* side 13
2.3.2 *Læring og kultur* side 13
2.3.3 *Velferd* side 13
2.3.4 *Samfunnsutvikling* side 15
2.3.5 *Finansområdet* side 15
2.3.6 *Gjeldsportefølje* side 15
2.3.7 *Økonomileiar si vurdering* side 15

3 NÆRVÆR side 16

3.1 Statistikk med kommentarar side 16

4 SEKTORDEL side 17

4.1 Sentraladministrasjon side 17
4.1.1 *Vedtaksrapport* side 17
4.1.2 *Tenesterapport* side 17
4.1.3 *Prosjektrapportering* side 19

4.2 Sektor for Velferd side 19
4.2.1 *Vedtaksrapport* side 19
4.2.2 *Tenesterapport* side 19

4.3 Sektor for læring og kultur side 21
4.3.1 *Vedtaksrapport* side 21
4.3.2 *Tenesterapport* side 21
4.3.3 *Prosjektrapportering* side 22

4.4 Sektor for samfunnsutvikling side 23
4.4.1 *Vedtaksrapport* side 23
4.4.2 *Tenesterapport* side 23
4.4.3 *Prosjektrapportering* side 26

1 RÅDMANNEN SI INNLEIING OG OPPSUMMERING

Hareid kommune rapporterer på økonomi kvar månad, med ein utvida økonomirapport ved kvart tertial. Det er planlagt å gå over til kvartalsrapportering. Det beste er å ta skiftet frå nyttår.

Tertialrapporteringa inneheld også ein rapport med desse elementa:
1. Vedtaksrapport med oversikt over oppfølging av aktive politiske vedtak
2. Nærvær. Med utgangspunkt i data for sjukefråvær vurderer vi tiltak for å auke nærværet i organisasjonen
3. Tenesterapport
a. Viktige hendingar
b. Avvik meldt av medarbeidarar og klager frå innbyggarane
c. Tilsyns- og revisjonsrapportar
d. Utviklingsarbeid / prosjekt
4. Prosjektrapportering status på planlegging og gjennomføring av anlegg- og byggeprosjekt.

Når det gjeld rapportering gjeld det å finne rette balansegangen mellom omfang/detaljar og nytteverdi. Politikarane er velkomne til å kome med ynskje om kva dei treng, og administrasjonen må vurdere tidsbruk opp mot tenesteproduksjon. Vi har i denne rapporten utvida økonomirapporten, og henta vedtaksrapporteringa ut frå det nye sak/arkivsystemet Acos, så desse vil ha ei litt anna form enn tidlegare.

1.1 Tertialrapport

per 30.04.20

1.1.1 Økonomi

I 2020 har vi fått store ekstrautgifter som følgje av covid-19. I tillegg er forbruket høgare enn i fjor på same tid. Kommunen har fått ein sum til inndekning av desse som er fordelt etter folketal. Noko av dette er forslått delt ut på sektorane i budsjettrevisjonen. Kommunesektoren arbeider gjennom KS-systemet for å synleggjere behova då den statlege inndekninga ikkje står i stil med dei krava som vart pålagt å gjennomføre. Det er forventa ei smittebølgje nummer to til hausten, så omfanget av dette kjenner vi ikkje.

Både velferd og læring og kultur har orientert om nye ressurskrevjande brukarar som vil føre til utgifter der ikkje er dekning for i dag. Velferd får vesentlig mindre inntekter på refusjon. Det er såleis ein svært krevjande situasjon å hente inn meirforbruket, og her må drastiske grep for å ta ned kostnadane.

Velferd er den store utfordringa ved at det er denne sektoren som vil få det største presset på tenester framover. Her vil vi ta ein ny gjennomgang av budsjettet og vurdere anna organisering av leiarfunksjonen for å frigjere ressursar til strategisk leiing, planlegging og oppfølging av omstillingstiltak. Her må også gjerast endring i både drift og standard på teneste, men vi må ført få på plass den leiarstøtta som trengs for å gjennomføre dei nye tiltaka.

Elles vil heile organisasjonen framleis jobbe med driftsendring for å hente ut effekt for kommunen må ned på driftsutgifter. Vi kan ikkje drive med meir pengar enn vi har.

1.1.2 Organisasjon



Kommunen har fungert i vel to år etter ny organisering. Sjølve organisasjonsmodellen er lett å forholde seg til med tydelig avgrensa ansvarsområde for den enkelte.

Vi har hatt fornying i to sentrale posisjonar som er svært viktige for organisasjonen. Det er om lag eitt år sidan det var skifte av kommunalsjef i velferd. Det tek tid å sette seg inn i ein så stor sektor i ei ny kommune, og oppgåver vil ta lenger tid i ein overgang. Det same gjeld ved skifte av økonomileiar, som har vore i stillinga frå 1.w oktober. I mindre grad, men på same måte som ved omorganisering vil leiarskifte påverke drifta.

Ein veit frå forsking at det tek mange år å nå den optimale arbeidsflyten etter ei omorganisering. Særskilt ser rådmannen at vi treng å jobbe med oppgåve- og arbeidsflyt mellom sektorane og staben, og mellom samfunnsutvikling og dei andre sektorane. Vi treng å profesjonalisere/forsterke økonomiforvaltninga, og vi har for lite ressursar på personal- og organisasjonsområdet til å følgje opp sektorane på viktige område. Dette må løysast ved interne omprioriteringar. Vi treng betre koordinering internt i sektor for samfunnsutvikling for å sikre at einingane går i takt. Det har vore mykje fokus på innkjøpsregelverk og rutinar, og ein må finne ei løysing på betre organisering av dette..

Ressursane til overordna planlegging/strategiarbeid er ikkje i samsvar med behovet og leiarane må prioritere dagleg drift.
Vi har prøvt med interne tiltak med effektiviseringsutval og endringsagent, men ser at dette ikkje er dekkjande for behovet.
Kommune-Norge bruker i stor grad eksterne krefter når ein må gjere store snuoperasjonar, og det fornuftig med tanke på den

ekspertise og nøytralitet desse har. Set ein dette saman med den nærleik både lokale tilsette og politikarar har, gir dette ofte det beste resultatet. Eg vil vurdere kor mykje av dette behovet vi kan få løyst gjennom det eksisterande leiarutviklingsprogrammet, og vil kome tilbake til det om det er behov for ytterligare bistand. Det vert ei sentral oppgåve for det nye kommunestyret å stå saman med rådmannen i å finne nye stiar. Det vil verte vanskelige vegval og prioriteringar, men utvikling er positivt med ei løysingsorientering tilnærming.

1.1.3 Teneste

Rådmannen ser at tenestene våre vert stadig pressa ved at fleire tiltak skal finne sin plass innanfor tildelte budsjettrammer. Dette gjeld nye statlege pålegg innanfor både læring og kultur og velferd. Eksempel er endra føresetnad for legetenester, bemanningskrav i skule og barnehage med fleire. Tenestene og dei tilsette står ei eit stadig press mellom brukarane sine behov og budsjettrammer. Dette er eit tema med stort nasjonalt fokus der ein ser at velferdsstaten slik den vert driven i dag ikkje er berekraftig.

Planlagde investeringsprosjekt er i stor grad sett i verk saman med gjennomføring av allereie igangsette prosjekt. Eigedomsavdelinga har løyst mange fortløpande vedlikehaldsbehov, og kartlegginga av bygningsmassen er ferdig. Vedlikehaldsstrategien skal til politisk behandling.

Kommunen har gjort ein god jobb med å møte/bu seg på pandemien. Sektor for læring og kultur har merka endingane best så langt ved at dei har lagt fullstendig om dagleg drift fleire gongar. Velferd har planlagt og gjort smitteverntiltak for å førebygge og kunne behandle om den tid kjem. Fleire har fått reduserte tenester i første tertial, men dette har gått bra her, slik det ser ut til å ha gjort elles i landet.

1.1.4 Lokalsamfunn

Hareid Næringsforum er utan dagleg leiar, og dette gjer at det krev meir av både kommunen og næringsforumet å halde på den jamne kontakta. Det er no avtalt faste møter mellom kommuneleiinga og styret i Hareid næringsforum. Eit utval bestående av ordførar, rådmann, leiar Hareid næringsforum og prosjektleiar Vekst i Hareid er sjølvoppnemnt arbeidsutval for å fremme gode møtepunkt.

Det er tilsett ny prosjektleiar i Vekst i Hareid, og prosjektet tek opp att aktiviteten etter stillstand ei periode utan prosjektleiar i overgangen mellom forprosjekt og hovudprosjekt.

Kommunen har fått gode tilbakemeldingar for handteringa av pandemisituasjonen, og kommunikasjonen ut mot lokalsamfunnet.

Ragnhild Velsvik Berge, rådmann

2 ØKONOMI

2.1 Rapport 1A - drift

Tal i 1000 kroner	Rekne-skap 2020	Regule-ringar	Justert budsjett 2020	Opp-haveleg budsjett 2020	Rekne-skap 2019
Generelle driftsinntekter					
Rammetilskot	-66 184	0	-67 428	-67 428	-60 580
Inntekts- og formuesskatt	-40 409	0	-42 830	-42 830	-39 687
Eigedomsskatt	-3 087	0	-3 141	-3 141	-2 929
Andre generelle driftsinntekter	-1 412	0	-2 683	-2 683	-3 121
Sum generelle driftsinntekter	**-111 093**	**0**	**-116 083**	**-116 083**	**-106 317**
Netto driftsutgifter					
Sum bevillingar til drift, netto	133 426	0	111 948	111 948	123 336
Avskrivingar	0	0	471	471	0
Sum netto driftsutgifter	**133 426**	**0**	**112 419**	**112 419**	**123 336**
Brutto driftsresultat	**22 333**	**0**	**-3 664**	**-3 664**	**17 019**
Finansinntekter/Finansutgifter					
Renteinntekter	-118	0	-310	-310	-169
Utbytte	0	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0
Renteutgifter	4 581	0	4 460	4 460	3 160
Avdrag på lån	678	0	6 122	6 122	678
Netto finansutgifter	5 141	0	10 272	10 272	3 669
Motpost avskrivingar	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat	**27 475**	**0**	**6 608**	**6 608**	**20 688**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-125	0	-854	-854	-2 196
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-125	0	-854	-854	-2 196
Framført til dekning seinare år (meirforbruk)	**27 350**	**0**	**5 755**	**5 755**	**18 492**

2.2 Rapport fordelt etter sektor og resultateining

Rapport 1B tilpassa og 2 B med oversikt over investeringar

Avdeling (T)	Rekneskap 30.04.20	Revidert bud-sjett 30.04.20	Årsbudsjett 2020	Rekneskap 30.04.19
POLITISK STYRING OG KONTROLL	1 022 491	749 437	2 702 344	869 677
POLITISK STYRING OG KONTROLL	1 022 491	749 437	2 702 344	869 677
RÅDMANNSKONTOR	1 324 935	1 032 010	2 991 151	1 137 264
ØKONOMIAVDELING	1 753 940	1 221 603	3 540 198	1 642 255
PERSONAL OG ORGANISASJON	981 948	1 213 539	3 546 694	1 066 554
SERVICETORG OG POL.SEKRET.	2 052 375	1 743 367	4 997 643	2 127 152
IKT-AVDELING	4 623 181	601 463	1 198 424	3 436 390
SENTRALADMINISTRASJONEN	11 758 869	6 561 419	18 976 454	10 279 291
OPPVEKSTKONTOR	14 874 170	15 147 455	33 123 669	13 060 603
BIGSET SKULE	3 257 333	3 408 777	9 864 382	3 423 025
HAREID SKULE	9 617 848	8 928 056	25 810 383	8 568 579
HJØRUNGAVÅG SKULE	3 261 036	3 151 967	9 115 818	3 044 334
HAREID UNGDOMSKULE	9 086 893	8 460 996	24 505 101	8 922 737
HAREID MUSIKK OG KULTURSKULE	1 102 226	715 689	2 066 073	1 058 395
RESSURSSENTERET	2 202 783	2 447 207	7 737 073	1 677 825
BIGSET BARNEHAGE	3 526 016	3 348 483	9 652 325	2 869 089
HAREID BARNEHAGE	1 540 249	1 453 313	4 227 030	1 355 863
SYVERPLASSEN BARNEHAGE	2 929 483	3 278 068	9 445 236	3 104 813
KULTURKONTOR	262 377	304 633	898 252	325 479
BIBLIOTEK	540 005	548 297	1 601 401	604 224
KULTURTILTAK	530 151	374 394	1 103 357	236 821
LÆRING OG KULTUR	52 730 570	51 567 335	139 150 100	48 251 787
NAV-KOMMUNE	6 560 958	2 251 173	6 490 081	5 826 361
HELSE OG KOORD. EINING	7 880 080	6 081 410	17 873 315	5 787 642
BARNEVERNTENESTE	7 172 964	4 126 593	12 379 780	6 413 512
VELFERDSKONTOR	1 529 441	1 710 751	5 017 993	1 629 414
SKJERMA EINING	4 360 541	3 279 009	9 493 897	3 511 593
KORTTIDSEINING	8 579 564	7 653 968	22 201 590	8 536 141
KJØKEN	1 504 026	1 366 682	3 992 948	1 540 936
HEIMETENESTE EINING 1	5 961 728	5 488 359	15 997 819	5 701 292
HEIMETENESTE EINING 2	2 287 403	1 995 898	5 783 313	2 238 051
BU- OG HABILITERING	11 405 471	6 278 876	18 074 973	11 361 539
VELFERDSKONTOR	57 242 174	40 232 720	117 305 709	52 546 481
PLAN, BYGGESAK OG GEODATA	1 256 323	1 335 762	3 849 058	1 068 061
BRANN OG FEIING	1 704 853	2 097 138	6 291 414	-56 215
NÆRINGSTILTAK	-1 340	121 623	241 100	91 579
TRUSSAMFUNN	1 202 466	1 419 709	4 259 127	1 481 000
SAMFUNN	1 037 199	969 075	2 821 200	1 152 934
KOMMUNALTEKNIKK	2 194 274	2 361 359	7 025 453	2 350 362
SJØLVKOST	-1 247 446	-933 489	-25 224	-1 228 565
KOMMUNAL EIGEDOM	4 999 052	5 498 570	16 273 632	4 168 249
SAMFUNNSUTVIKLING	11 145 379	12 869 747	40 735 760	9 027 406
FINANS	-105 943 497	-105 489 146	-316 168 023	-101 968 568
FINANS	-105 943 497	-105 489 146	-316 168 023	-101 968 568
SUM HAREID KOMMUNE	**26 933 494**	**5 742 075**	**0**	**18 136 397**

2.3 Rapport 2B - Investeringar

Oversikt over investeringar pr. 30.04.2020/2019

Tal i 1000 kroner	Rekne-skap 2020	Justerin-gar 2020	Justert budsjett 2020	Oppha-veleg budsjett 2020	Rekneskap 2019
Frå bevillingsoversikt:					
Investeringar til fordeling (netto)	**56 264**	**0**	**214 336**	**214 336**	**27 204**
Fordeling på prosjekt					
Digitalisering av GBNR-arkiv	58	0	2 000	2 000	0
Ymse grunnkjøp	317	0	0	0	161
Bustadfelt Holstad	1 509	0	0	0	4
Datamaskiner og infrastruktur skule	0	0	0	0	367
Inventar/utstyr nytt Helsehus	0	0	2 700	2 700	0
Sjukeheimen - velferdsteknologi	0	0	300	300	0
Hadartun - Signalanlegg	0	0	2 860	2 860	0
Tryggleiksalarmar / analoglinje	25	0	0	0	505
Flyfotografering	0	0	150	150	0
Utbygging og utstyr til brannstasjonen	4	0	375	375	0
Avløp Sentrum	89	0	0	0	19
Fiber for alle	3	0	0	0	0
Samfunnskontor - utbygging breiband	0	0	4 396	4 396	0
Avløp Røyset - 1. byggetrinn	292	0	0	0	3 780
Oppgradering av pumpestasjoner på Leira og Raffelneset	0	0	0	0	109
Skredvoll Brandal	0	0	0	0	5
Vassforsyning Røyset 1. byggesteg	0	0	0	0	3 017
Rundkøyring Holstad (6514-2008)	0	0	0	0	34
Avløp Kyrkjegata og Jets	670	0	3 000	3 000	24
Redskapsberar	875	0	0	0	0

Miljøprosjekt Kjøpmannsgata Bedehuset - Parken	63	0	0	0	5 711
Vatn - Nytt inntak Hammarstøylvatnet	77	0	7 000	7 000	56
Fornying/ opprusting av djupvasskaia på godsterminalen	45	0	0	0	4
Øvstevegen i Brandal	0	0	0	0	37
Almetunnelen	9	0	0	0	138
Veg - Ombygging av vegryss ved helsehuset	125	0	10 000	10 000	27
Veg - Parkeringsplass bak Kjøpmannsgata	224	0	4 000	4 000	339
Veg - Vegen mellom gamle Brandalsveg og Reina	0	0	0	0	150
Hamn - Brandal	0	0	0	0	438
Hamn - Polarstar-kaia	0	0	0	0	250
Bruk 65206 Kai ved Godsterminalen - oppgradering	0	0	10 000	10 000	0
Avløp - Renseanlegg	72	0	1 000	1 000	0
Parken	0	0	0	0	278
Effektiviseringstiltak og bossbøtter	0	0	400	400	0
Fotballhall	14 567	0	16 167	16 167	219
Gartnarbil 2020	0	0	813	813	0
Anløp - Bytte lyktestolper moloer	0	0	1 500	1 500	0
Båt og Brygge	0	0	500	500	0
Vatn - Kyrkjegata og Jets (inkl. fotballhall)	572	0	3 000	3 000	93
Vatn - sentrumsnettverk	89	0	0	0	0
Vatn - legge om leidning frå vassbehandlingsanlegget	0	0	250	250	0
Vatn - Helsehusprosjektet	0	0	5 000	5 000	0
Sidegreiner VA-prosjekt	59	0	0	0	0
Avløp - Avskjæringsgrøft Ytre Hareid	2	0	500	500	0
Avløp - Helsehuset	0	0	5 000	5 000	0
Avløp - Krysset Bigset byggefelt	0	0	0	0	184
Avløp - Sjøledninger Raffelneset	0	0	7 000	7 000	9
Avløp - sjøledning Brandal	0	0	0	0	292
Avløp - separere fellesledning Hareidselva	2	0	1 500	1 500	0
Avløp - Ovrasanden	121	0	5 000	5 000	0
Røysetvegen oppgradering	0	0	0	0	478
Holstadfeltet - total infrastruktur	7	0	3 000	3 000	128
Pålhaugen - bustadområde	48	0	6 250	6 250	120
Pålhaugen - omsorgsbustader / avlasting	0	0	250	250	0
Utbyggingsområde Sidegreiner Røyset	0	0	2 300	2 300	0
KL-marka	0	0	150	150	0
Utbyggingområde Indre Hareid - Plassane	0	0	3 500	3 500	0

Fornying vassleidningsnett	0	0	600	600	162
Fornying kloakknett	68	0	1 200	1 200	258
Alle bygg - digitalisering teikningar	0	0	0	0	41
Hareid sjukeheim - prosjektering ombygging 2.etg Dagaktivitetstilbod	0	0	250	250	0
Hareid sjukeheim - ventilasjon vaskerom hjelpemiddel	0	0	100	100	0
Helsehus - nytt bygg	34 301	0	91 250	91 250	2 604
Nytt bygg - bygge kommunale bustadar for utleige	0	0	0	0	9
Hareid barnehage - brannalarmanlegg og lede- rømningslys	0	0	375	375	0
Syverplassen barnehage - brannalarmanlegg og lede- og rømningslys	0	0	375	375	0
Hareidhallen - Vaskerobot	0	0	300	300	0
Hjellebakken - Rehabilitering vedteke av kst	0	0	1 500	1 500	0
Hadartun - Heis	0	0	0	0	23
Ombygging av 4. etg. på sjukeheimen	0	0	0	0	181
Hareid rådhus - rehabilitering inklusive opsjon på taket	422	0	1 400	1 400	6 157
Hareid BHG uteområde	0	0	0	0	8
Bygg - vedlikehold 2020 kst	0	0	4 000	4 000	0
Bigset barnehage - brannalarmanlegg og lede-rømningslys	5	0	375	375	0
Alle føremålsbygg - digitalisering av teikningar	0	0	625	625	0
Hareid skule - belysning uteområde	0	0	125	125	0
Hareid ungdomsskule - Støydemping og himling	0	0	750	750	0
Hjørungavåg skule - drenering	1 088	0	1 000	1 000	0
Hareid kyrkje - varmeanlegg og golv	454	0	0	0	87
Ombygging bedehuset	0	0	250	250	0
Etableringslån (tildeling og avdrag)	0	0	0	0	700
Sum fordelt	**56 264**	**0**	**214 336**	**214 336**	**27 204**

1.3 Stab- og kommunalsjefane sine kommentarar

2.3.1 Sentraladministrasjonen

Politisk styring og kontroll:
Det er eit avvik med meirforbruk i 1. tertial, som i all hovudsak skuldast utbetalingar til utval i januar som gjeld heile året. Avviket vil ikkje rette seg neste månad, men det vil verte mindre.

Avviket vil rette seg i løpet av året og ligg an til å vere i balanse ved årsslutt.

Sentraladministrasjonen:
Sentraladministrasjonen har eit avvik på tilsaman 4,9 millionar i 1. tertial. Ein stor del av dette er ufordelte utgifter til IKT-drift (kostnad SSIKT). I tillegg er det svært stramme budsjett for fleire av ansvara i sentraladministrasjonen i 2020, særleg gjeld dette økonomiavdelinga, rådmannskontoret og fellesutgifter.
Ein stor del av avviket vil verte retta når IKT-kostnadane vert fordelt til sektorane.

Sentraladministrasjonen vil gjere interne omdisponeringar og forsøke å redusere forbruket ytterlegare for å nå målet om budsjettbalanse ved årsslutt.

2.3.2 Læring og kultur

Økonomirapporten syner eit overforbruk på om lag kr 1,2 millionar per 30/4. Dette er påverka av særleg stor auke i vedtak på barnehage i høve til styrking etter § 19g i barnehagelova, og spesialpedagogisk hjelp. Dette utgjer så langt om lag 1,4 millionar meir enn budsjettert. Den syner også eit negativt resultat for Kulturskulen på grunn av manglande elevbetaling på vel kr 300 000. Dette skal betalast i mai. I tillegg er koronatapet i foreldrebetaling barnehage og SFO på om lag 1,1 millionar, og koronakravet frå privat barnehage er på kr 560 000. Refusjonen frå staten utgjer om lag 2/3 av totalkostnaden.
Ser ein det samla kuttet for sektoren i budsjettet for 2020, og dei ekstraordinære kostnadane på barnehage og koronarelaterte kostnader i samanheng, vil det vere for tidleg å seie om ein når målet om ei drift i balanse ved nyttår. Sektoren er innstilt på å finne sparetiltak som gjer at ein lykkast.

2.3.3 Velferd

Det er fleire faktorar som påverkar tertialrapporten, og som dreg meirforbruket for 1. tertial vesentleg opp. Døme på det er:
NAV Hareid viser eit minus på kr. 4,3 millionar. Det riktige resultatet for NAV Hareid er eit stipulert meirforbruk på kr. 250 000. Årsaka er manglande kommunal overføring frå Sande og Ulstein i 1.tertial. Eit anna døme er kraftig reduksjon i refusjon frå stat for resurskrevjande tiltak. For Bu- og Habilteringstenesta utgjer det ein inntektsreduksjon på over kr 4 millionar pr. driftsår. Dette er inntekt som må sjåast i samanheng med lønsutgifter til tilsette i einingа. Årsaka er nye retningsliner knytt til dokumentasjon. I tillegg er Bu- og habiliteringstenesta den einingа som har størst «trøkk» på tenesteproduksjonen. Samanlagt forklarer det hovudårsaka til meirforbruket ved einingа. Det gjer det ikkje enklare at einingа saman med heimetenesta er dei to einingane med størst krav til stillingsreduksjon i 2020. Faste utgifter til ekstern tenesteleverandør har auka med over 500 000 kr. Det er fleire interkommunale avtalar som for eksempel valdsmottaket der kostnadane har auka i 2020. Auke i variable lønsutgifter som overtid og ekstravakt grunna naudsynte tiltak i sjukeheim og open omsorg (pasientsikkerheit/HMS), samt dekking av vakante sjukepleiarstillingar på natt utgjer ein vesentleg del av meirforbruket på løn. Framleis er inntekt på refusjon av sjukepengar og fødselspengar høgt budsjettert. Kostnad knytt til pandemi covid-19 er i 1.tertial bokført med ca. kr 1.3 million for sektor velferd og gjeld auke i faste lønsutgifter, variable lønnsutgifter, utstyr, sikring av legane si inntekt og reduksjon i brukarbetaling og anna driftsinntekt.

Fleire av forklaringane til meirforbruk i 1.tertial tilseier at budsjettet for 2020 ikkje er realistisk. Det fritek imidlertid ikkje sektoren til å sjå på andre løysningar for effektiv og forsvarleg drift. Døme på det er tettare rapportering (godkjenning) av overtid.

Korrigert for periodiseringar, inntekter som vil kome og andre kjende faktorar vil meirforbruket vere i overkant av kr 10 millionar i 1. tertial. Det er stor usikkerheit knytt m.a. til refusjon frå staten. Sektoren har regnskapsført kr 1,3 millionar i kostnader som følgje av koronapandemien. Om vi samanliknar med fjoråret, så viste 1. tertial eit meirforbruk på ca. kr 10 millionar mot 17 millionar no. Ved årsslutt var meirforbruket på kr 5,5 millionar i 2019, dette kan kanskje gi ein peikepinn på korleis situasjonen vil vere ved årsslutt også i år.

For velferd vert det viktig å få starta arbeidet med omsorgsplanen slik at ein får fatta beslutning om tiltak som er avgjerande for å snu drifta frå institusjon til meir heimeteneste. Kommunalsjefen melder om behov for ressursar til kartlegging og planarbeid. Ein har ikkje greidd å frigjere ressursar internt, og rådmann og kommunalsjef vil vurdere alternative løysingar. Omliggande kommunar har fått invitasjon frå Ulstein kommune til å vere observatørar i deira utviklingsprosjekt som dei kallar paralelloppdraget. Dette går på både sentrumsutvikling og vidare utvikling av omsorgstenestene. Dette vil vi takke ja til for å hente idear til vår eigen utviklingsprosess. Det vert elles ein større gjennomgang av budsjettet der rådmann og økonomiavdeling vil vere støttespelarar for kommunalsjefen.

2.3.4 Samfunnsutvikling

For 1. tertial har sektor for samfunnsutvikling eit samla mindreforbruk på ca. kr. 2,2 mill.
Negativt avvik på samfunnskontoret går i hovudsak på manglande sjukerefusjon i høve budsjett.
Positive avvik på Kommunalteknikk og Kommunal Eigedom gjeld i stor grad tiltak som ikkje er gjennomført og eller er i prosess og som vil verte rekneskapsført seinare i året.
Slik ein no ser det, vil sektoren går i balanse ved årets slutt.

2.3.5 Finansområdet

På kontonivå er det fleire postar som har avvik i forhold til budsjettet, men justert for periodiseringsavvik så ligg området om lag som budsjettert pr. 30.04. Skatteinngangen for første tertial er i overkant av budsjettet, med ein auke på 1,8% i forhold til same periode i fjor. Vi kan såleis ikkje sjå nokon klar nedgang som fylje av koronatiltaka pr. 30.04.

Hareid kommune har motteke kr 3.877.000 i koronamidlar i rametilskotet for april (fordelt etter innbyggjarar), som skal kompensere for ekstra utgifter og nedgang i skatteinntekter utover året. I tillegg har vi fått ekstra skjønsmidlar utgjer kr 385.000,- og kompensasjon for inntektsbortfall i barnehage og skulefritidsordning i perioden dei var stengde, utgjer kr 1.060.000,-.

2.3.6 Gjeldsportefølje

Vedlagte «Finansrapport Hareid kommune» frå Bergen Capital Management gir oversikt over kommunen sine lån pr. 30.04.2020. I budsjettvedtaket i desember ligg det inne lånefinansiering av investeringar på om lag kr 140 millionar. Halve beløpet, kr 70 millionar vart teke opp i januar 2020 for å ha likviditet ei periode utover året til dei store investeringane. Rapporten side 3 inneheld nøkkeltall for gjeldsporteføja med total lånegjeld, rentebindingstid, vekta gjennomsnittsrente og kapitalbinding. På dei siste sidene i rapporten er oversyn over kvart enkelt lån og vilkåra. Hareid kommune har ein stor del av gjelda si på lån med korte løpetider, typisk 12 månader.

2.3.7 Økonomileiar si vurdering

Sentraladministrasjonen melder at dei vil kome ut som budsjettert når året er omme. Læring og kultur har eit meirforbruk, men vil jobbe for å gå i balanse. Samfunnsutvikling har eit mindreforbruk, men reknar med at sektoren vil ha eit forbruk som budsjettert når året er omme. Velferd har eit stort meirforbruk grunna fleire faktorar, som går fram av deira kommentarar. Kommunalsjefen melder om behov for ressursar til strategisk planarbeid og oppfølging av endringsprosessar. Rådmann vil saman med kommunalsjefen og leiinga finne alternative løysingar i bruken av leiarressurane.

Tala for 1. tertial viser at kommunen samla har eit stort meirforbruk så langt i året. På same tid i fjor låg ein også ann til eit meirforbruk, men ikkje så stort. Sjølv om ein korrigerer for periodiseringar og faktorar som ein reknar med vil jamne seg ut i løpet av året, så er meirforbruket urovekkande stort.

Dei ekstra midlane kommunen har motteke i samband med koronapandemien på kr 3.877.000,- er ikkje disponert i budsjettet, men ligg så langt på rametilskotet. Pr. 30.04. har kommunen bokført utgifter til koronapandemien med kr 1,5 millionar, der Velferd har kr 1,3 millionar av dette. Det er for tida usikkerheit knytt til kor store ekstrautgifter kommunen vil få som fylje av pandemien, og kor mykje som vert kompensert.

3 NÆRVÆR

3.1 Statistikk med kommentarar

Fråvær per sektor hittil i år:			
Sektor/område	Totalt fråvær i %	Korttidsfråvær i %	Langtidsfråvær i %
Sentraladministrasjon	2,01	2,01	0
Læring og kultur	7,71	1,82	5,89
Velferd	12,53	1,97	10,56
Samfunnsutvikling	6,39	2,74	3,65
TOTAL	8,94	2,00	6,94

Fråvær heile kommunen, historisk:										
	1 tertial 2020	1 tertial 2019	2 tertial 2019	3 tertial 2019	1 tertial 2018	2 tertial 2018	3 tertial 2018	1 tertial 2017	2 tertial 2017	3 tertial 2017
Totalt fråvær %	8,94	6,91	8,90	5,29	7,78	6,16	7,41	9,60	5,48	7,90
Korttidsfråvær %	2,00	2,49	2,75	1,61	2,60	1,54	2,26	2,82	1,26	2,29
Langtidsfråvær %	6,94	4,41	6,16	3,68	5,18	4,62	5,15	6,78	4,21	5,61

Vi ser ein stigande trend i 1 tertial 20 som ikkje er overraskande i høve koronatiltaka. Det er framleis krav til at alle skal halde seg heime når ein er sjuk, og dette vil påvirke fråværet i dei store sektorane framover. For dei som har kontorarbeid vil ein ikkje få denne auken, kanskje kan ein forvente redusert fråvær i høve tidlegare, då det no har vorte praksis med heimekontor, og ein kan få gjort deler av jobben heimanfrå.

Sentraladministrasjonen hadde ikkje langtidsfråvær i 1. tertial og har jamt over ei høg grad av nærvær. Der er noko korttidsfråvær i sentraladministrasjonen, men ikkje alarmerande høgt.

Sjukefråværet i velferdssektoren (langtid) vart redusert med 1% i 2019. Det er svært gledelig. Korttidsfråvær har vore stabilt dei siste to åra. No har sjukefråværet ved nokre einingar auka. Noko kan relaterast Covid-19. Det er svært viktig at ein følgjer med i utviklinga og iversett naudsynte tiltak saman med tillitsvald/verne-tenesta.

I sektor for samfunnsutvikling er korttidsfråværet nokolunde stabilt samanlikna med 1. tertial 2019. For langtidsfråværet ser ein ei stigning i høve same tid i fjor. Ein registrerer eit stort arbeidspress på enkeltstillingar som truleg er grunnlag for auken.

Sjukefråværet i sektor for læring og kultur har ei auke i høve til 2019. Grunnen er svært høgt langtidfråvær i barnehage. Dette er i hovudsak sjukdom under behandling. I resten av sektoren ser vi ei positiv utvikling både i kortids- og langtidsfråværet.

4 SEKTORDEL

4.1 Sentraladministrasjon

Assisterande rådmann Kariann Bigseth

4.1.1 Vedtaksrapport

Tiltak i handlingsplanen

- Digitalisering av gards- og bruksnummerarkiv – avtale er inngått med IKA og førebuande arbeid er sett i gang
- Auka ramme på Startlån – søkt om og innvilga

Viser til vedlegg «vedtaksrapport» for øvrige vedtak.

4.1.2 Tenesterapport

a. Viktige hendingar siste tertial

Sentraladministrasjonen har hatt normal drift 1. tertial om ein ser vekk frå covid19-pandeminen. Den har ført til mykje ekstraarbeid på dei medarbeidarane som sit i kriseleiinga, samt stor omvelting av arbeidsdagen for alle tilsette som vart sendt heim til heimekon-tor. Alle tilsette har gjort ein stor innsats for å halde drifta oppe i ein ektraordinær situasjon og har lukkast med det i svært stor grad, sjølv om mykje har vore meir tungvint og ein har måtte tatt i bruk nye måtar å jobbe og kommunisere på. Nokre oppgåver og

prosjekt har vi likevel måtte skyve på, noko vi ber om forståing for. Mellom anna er rekneskapen for 2019 noko forseinka i høve planen og vi har ikkje fått gjennomført planlagt medarbeidarun-dersøking.

b. Tilsyn / revisjonsrapportar

Ingen revisjonar eller tilsyn å rapportere på.

c. Utviklingsarbeid / pågåande prosjekt

Vi har fleire store prosjekt gåande:

- LOSEN 2025 – kommunekompassundersøkinga i mai 2019 viste ein betydelig framgong og denne må vi jobbe vidare med framover mot neste måling
- Velferdsteknologi – etter at ein IKT-ressurs er flytta frå sek-tor for velferd har sentraladministrasjonen tatt eit større ansvar for framdrift i dette prosjektet. Vi har omfordelt litt ressursar og arbeidet er no godt i gang.
- Det er satt i gang førebuande arbeid for digitalisering av gards- og bruksnummerarkivet.

Leveranserapport frå Stamina Helse AS for første tertial 2020
Bedriftshelsetenesta har levert tenester til kommunen, med ei slik fordeling:

Avtaletype	Abonnement		Volum	
Leveranser	Timer	Beløp	Stykk	Timer
Hareid Kommune	25,00	28 171		
Psykososialt og organisatorisk	3,00	3 846		
Systematisk HMS arbeid	22,00	24 325		
Kommunaltekniske tenester	1,50	1 923	3,00	2,00
Arbeidshelse			3,00	2,00
Systematisk HMS arbeid	1,50	1 923		
Barnehagar/ Bigset Barnehage	1,50	1 923		
Systematisk HMS arbeid	1,50	1 923		
Barnehagar/ Hareid Barnehage	1,50	1 923		
Systematisk HMS arbeid	1,50	1 923		
Barnehagar/ Syverplassen Barnehage	1,50	1 923		
Systematisk HMS arbeid	1,50	1 923		
Helse og koordinerande eining/ Heimetenester	1,75	2 244		
Systematisk HMS arbeid	1,75	2 244		
Helse og koordinerande eining/ Hjellebakken	11,00	14 102		
Systematisk HMS arbeid	11,00	14 102		
Helse og koordinerande eining/ Korttidsavd.	1,00	1 282		
Helsekontroll (HK)	1,00	1 282		
Helse og koordinerande eining/ Skjerma avd.	1,75	2 244		
Systematisk HMS arbeid	1,75	2 244		
Ressurssenter	1,25	1 603		
Psykososialt og organisatorisk	1,25	1 603		
Totalt	47,75	57 337	3,00	2,00

På grunn av situasjonen med Covid-19 er ein del avtalte leveransar sett på vent.
Ved bu- og habilitering (Hjellebakken) er det ytt avtalt bistand inn mot tilsyn og systematisk arbeid mot truslar og vald. Helsekontroll for dei som arbeider på natt er registrert oppstarta i heimetenestene, korttids- og skjerma eining. Bedriftshelsetenesta har delteke i arbeidsmiljøutvalet.
Stamina Helse melder om at dei snart startar opp att med helsekontrollar, med godt fokus på smittevern.

4.1.3 Prosjektrapportering

Ikkje aktuelt.

4.2 Sektor for Velferd

Kommunalsjef Nils-Arne Skagøy

4.2.1 Vedtaksrapport

Ingen aktive vedtak

4.2.2 Tenesterapport

a. Viktige hendingar siste tertial

Pandemi (Covid-19)

Sektoren har hatt sterkt fokus på kontinuitetsplanlegging for å førebyggje og gjennomføre naudsynte tiltak ved mogeleg smitte i lokalsamfunnet og i eiga verksemd. Det har vore og er eit krevjande arbeid som går på tvers av einingar og sektorar. Å ha planverk på plass, samt dyktig helsepersonell i ulike roller er ein føresetnad for godt smittevern. Stor takk til våre tilsette og våre samarbeidspartnarar, til døme Hareid legesenter

Arbeidsmiljøpris til NAV Hareid, Sande og Ulstein
Som vertskommune er vi stolt over det arbeidet NAV Hareid, Sande og Ulstein gjer knytt til arbeidsmiljø. Sektor for velferd ynskjer aktivt å bruke NAV sin kunnskap til å vidareutvikle sitt arbeidsmiljø.

Kutt i budsjett 2020

Kutt i budsjett 2020 tilseier reduksjon i stillingsplanen ved fleire einingar. Det har vore ein krevjande prosess og det vil medføre endring i tenestetilbodet og i arbeidsoppgåver for tilsette. KOSTRA tal viser no at Hareid kommune brukar mindre ressursar i tenesteproduksjonen en dei kommunane vi samanliknar oss med (kostragruppe). Ressursen ein har til disposisjon er under gjennomsnittet pr innbyggjar i M&R fylke og nasjonalt. Dei kutta som no skal gjennomførast er ved dei einingane som kan omstillast på kort sikt. Skal ein kutte meir i tenestane må ein vurdere å leggje ned eller omstille einigar til anna driftsform.

b. Tilsyn / revisjonsrapportar

- Det er ikkje meldt nye tilsyn i perioden.
- Det pågår meldt tilsyn i regi av Arbeidstilsynet ved Bu- og Habilitering.
  Tema: HMS - vald og truslar.

c. Utviklingsarbeid / pågåande prosjekt

- Helsestasjonen er etter søknad tildelt frie midlar frå Helsedirektoratet for å vidareføre sitt prosjekt innan skulehelsetenesta.
- Det er tatt kontakt med Helse Møre og Romsdal HF og Møre Forsking for å sjå nærmare på velferdsområder ein kan forske på med det formål å utvikle våre tenester.

d. Avvik

Det er meldt slike avvik i Compilo 1.tertial 2020:				
Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik	52	12	30	10
Organisasjon	17	6	8	3
Tenester/ brukar	97	22	70	5

Det er god meldekultur i sektoren. Avvik vert handtert fortløpande og er ein føresetnad for kvalitetsforbetring av tenestene. Tal på avvik er dobla samanlikna med 3.tertial 2019. Døme på temaområde det vert meldt avvik på er medikamenthandtering (pasientsikkerheit), vald/truslar (HMS) og mangel på sjukepleiar på natt (vakant).

Det er ikkje registert samhandlingsavvik i perioden.

4.3 Sektor for læring og kultur

Kommunalsjef Eivind Longva

4.3.1 Vedtaksrapport

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå kommunestyret tilbake til juni 2017:	
SAKSNUMMER	SAKSTITTEL
Vedtak	Tilstandsrapport 2017 for grunnskulen i Hareid kommune PS 33/17 – tillegg i saka om utgreiing ev. pilot i høve til leksefri skule.
Status	I samband med fleire store satsingar som tidleg innsats, datateknologi og vurdering for læring må dette vente på grunn av manglane kapasitet.
Framdrift	Ny vurdering kan gjerast i samband med revisjon av kvalitetsplanen læring og omsorg.

4.3.2 Tenesterapport

a. viktige hendingar siste tertial

Lærande nettverksmøte

21. januar hadde barnehage, skule (offentlege og private) og dei tverfagege samarbeidspartane (PPT, helse, psykiatri, barnevern) lærande nettverksmøte i den 2 årige satsinga inkluderande barnehage og skulemiljø. Lærarane og dei tverfaglege var delte i grupper der fokuset var på vaksenrolla i møte med elevar og verdiar i rammeplan og fagfornying. Å gå saman i ei slik satsing er unikt og bygger det kollektive i møte med barn og ungdomar. ”Stortingmelding 6: Vi skal ha en barnehage og skole som gir muligheit for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språklige bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske forskjellar. Det krev inkluderande fellesskap og tidlig innsats”.

Morsmålsdagen

Morsmåldagen er eit flott høve til å synleggjere dei språklege ressursane i lokalmiljøet. Å få lov til å fokusere på eige morsmål og kulturell identitet betyr mykje for oss alle, og gjennom feiringa vert vi aktive deltakarar i å forme det fleirspråklege fellesskapet i Norge
Sektor for læring og kultur arrangerte årets Morsmålsdag som eit stort samarbeidsprosjekt mellom ulike avdelingar og sektorar

i kommunen vår. Dagen vart feira i ein stappfull Hareidhall med mange ulike aktivitetar.
Til saman bur det over 800 personar med anna morsmål enn norsk i Hareid.
Arrangementet vart fylt av kulturutveksling, glede og samhald. Det var kjekt å sjå engasjementet, fellesskapen, gleda, og smila både til dei som stod på stand og til dei frammøtte. Språket og morsmålet stod i sentrum, men ein slik dag genererer både nettverksbygging, integrering og samhald.

- I klubbhuset var det internasjonal kafé med mat frå heile verda.
- I hallen opptredde skuleelevar og barnehagebarn
- Bak amfiet var det stands der dei med anna morsmål fekk vise fram døme på språk og kultur frå deira heimland – og i tillegg eit langt sunnmørsk kakebord der alle som deltok på arrangementet fekk gratis kaffi, saft og kake.

b. Tilsyn / revisjonsrapportar

Ingen tilsyn eller revisjonar i 1. tertial 2020

c. Utviklingsarbeid / pågåande prosjekt

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Inkluderande barnehage- og skulemiljø
Etter søknad har Hareid kommune kome med i eit nasjonalt prosjekt Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Målet er å skape forståing for, og gjennomføre, tiltak som gir ein positiv og trygg barnehage- og skuledag for alle. Gjennom opplæring, og utprøving /støtte i prosessar vil dei tilsette få auka kompetanse og forståing for utfordringa. I satsinga samarbeider Hareid kommune med Brandal friskule. Satsinga går over 5 semester.

Fagfornyinga – nettverksamarbeid i Sjustjerna
Frå hausten 2020 vil ny læreplan for grunnskulen vere i verksett. Implementering og opplæring av den nye læreplanen er no i gong gjennom prosjekt støtta av fylkesmannen. Metoden bygg på partnarskap mellom høgskule, region, fylkesmann og kommune – desentralisert kompetanseutvikling. Hareid samarbeider med Ørsta i lærarnettverk, og Sjustjerna på leiaropplæringa. Fagfornyingsarbeidet i nettverk omfattar også grunnskuleopplæringa for vaksne VO.

4.3.3 Prosjektrapportering

Ikkje aktuelt

Avvik – sektor for læring og kultur

Det er ikkje meldt avvik i sektoren 1. tertial 2020.

4.4 Sektor for samfunnsutvikling

Kommunalsjef Kai-Rune Bjørke

4.4.1 Vedtaksrapport

Vedtaksoppfylgjinga for einingane ligg som eigne vedlegg:

- Plan, byggesak og Geodata:
- Kommunal Eigedom
- Kommunalteknikk
- Seksam

4.4.2 Tenesterapport

a. viktige hendingar siste tertial

Kommunal Eigedom
Einingа er prega av store og krevjande byggeprosjekt som er sett i gong samt planlegging av fleire større prosjekt og investeringstiltak. Det er opparbeidd gode rutinar for gjennomføring av prosjekterings- og byggemøter i prosjektgjennomføring. Einingа har også store og omfattande driftstiltak som ein er godt i gong med. Totalt sett er det eit svært høgt aktivitetsnivå på einingа som ikkje er forenleg med ressursane ein har til rådigheit per no.

Einingа har i fyrste tertial vore råka av fleire uføresette hendingar, til dømes oppeirde koplingar på el-kjelar i kjellaren i Hareidhallen, der utskifting var naudsynt, reparasjon av blande- og returventiler i dusjrom i Hareidhallen, reparasjon og godkjenning av amfiet i Hareidhallen, ombygging av lys- og varmeanlegg i Bigset barnehage, ombygging av defekt lysanlegg på storkjøkken på Sjukeheimen, elles mange pålagte kontrollar i gymsalar på våre formålsbygg. Sjå nærare beskrivelse nedanfor.

Fokuset i einingа sett under eitt fyrste tertial, er å sørge for at forsikringsselskap/takstmann held framdrift i kartleggings, sanerings- og rehabiliteringsarbeidet kring brannskade på Hareid skule, få på plass øvrige rammeavtaler for tekniske fag samt byggfag, sluttføre teikningsarbeid og tilstandsanalyse på alle eigedomar, sette i gong planlagde prosjekt samt sørge for å setje i verk naudsynte tiltak på akutte hendingar. Fyrste tertial har vore sterkt prega av tilrettelegging og ombyggingsarbeid knytta til korona. Dette inneber mellom anna søk etter alternative lokaler, flytting av helsestasjon to gongar, bygging av smitteavdeling på sjukeheimen, ombygging/tilpasning nye lokale til helsestasjon, løysing/tilrettelegging og ombygging for legesenter, auke av kjølekapasitet post mortem, tilrettelegging og gjennomføring av endra rutiner som fylgje av korona, nedvask og avstenging av alle skular og barnehagar med meir.

Hareidhallen - Rep. El-kjeler
I forbindelse med anna arbeid vart det oppdaga store svakheiter og eir på koplingane i begge el-kjelane. Dette måtte skiftast omgåande.

Hareidhallen – Reparasjon av blande- og returventiler
Gammalt dusjanlegget i Hareidhallen der elevane kun fekk enten skoldevarmt eller kaldt vatn måtte skiftast.

Hareidhallen - Reparasjon av Amfi
Grunna skada klemvern, motordeksel knust, vridde glideskinner og defekt køyrekonsoll med meir, måtte amfiet reparerast og sertifiserast ihht. gjeldande lovverk. Det er mange som nyttar amfiet, med dertil skadar.

Bigset barnehage - ombygging av lys- og varmeanlegg
Defekte lysarmaturer og omnar av gamal årgang måtte byttast for å unngå skader.

Gymsalar – Godkjenning og sertifisering av opphengt utstyr
Utstyr som er opphengt i tak i gymsalar m.m. skal godkjennast/sertifiserast. Dette er no gjennomført.
Totale meirkostnadar på uføresette tiltak som det er nemnt eksempel på ovanfor er pr 30.4.20 på kr 500.000,- eks. mva.

Kommunalteknikk
Einingа har svært mange og krevjande investeringsprosjekt. Investeringsprosjekta tek opp alt av ressursar på einingа, einingа har ei stilling i vakanse og det å få besatt denne ville kunne bidra til å lette situasjonen noko, men ein har svært store utfordringar med rekruttering av ingeniørar og har allereie hatt mange utlysningar utan å få kvalifiserte personer. Omfanget av investeringsprosjekt kombinert med dagleg drift førar til ei enorm belastning på dei tilsette. Dersom ein fortsetter med same belastningsnivået må ein forvente båe auka sjukefråvær og i verste fall at tilsette sluttar. Saksmengda er svært stor og sakene er svært komplekse. Ein har i første tertial hatt eit særskilt fokus på forureiningssaker, samt å setje i gang alle investeringsprosjekta.

Plan, byggesak og Geodata
Einingа har hatt vakanse i stillinga som GIS-ingeniør heile 1. tertial. Stillinga vart lyst ut for 2. gong i slutten av april 2020, og ein tek sikte på få til tilsetjing så snart som råd, dersom søkjarmassa skulle tilsei dette. Det har vore normal saksmengd på alle saksområder innanfor einingа med unntak av byggesak, der har saksmengda vore relativt stor. Dette har også vore utfordrande ei lita periode grunna fødselspermisjon for byggesakshandsamar, ein er likevel stort sett ajour. Den pågåande krisa (korona-viruset) har vore krevjande for einingа, då einingsleiar også er beredskapskoordinator, ein opplever likevel at det har gått fint, og at dei fleste oppgåver har blitt løyst med rimelege fristar. Ulempa er at arbeidsbelastninga har vore stor grunna dette.

Seksam
Redusert kapasitet på bl.a. grunnerverv, oppgåver med bistand

og tilrettelegging til privatpersonar og næringsliv grunna avvikling av permisjon for rådgjevar.
Det har i perioden vore utreia samarbeid mellom 4 kommunar i høve å samle tenestene GIS og oppmåling til eit vertskommune samarbeid i Ulstein. Både Volda og Herøy kommunestyre har gjort vedtak om å ikkje vere med i samarbeidet. Det er difor ikkje grunnlag på dette tidspunktet å legge fram saka til politisk handsaming

b. Tilsyn / revisjonsrapportar

Kommunalteknikk og VAR har hatt eltilsyn på pumpestasjonar og trykkaukestasjonar.

c. Utviklingsarbeid / pågåande prosjekt

Desse utviklingsoppgåver er i prosess innanfor sektoren sitt ansvarsområde:

Interkommunal kystsoneplan
Arbeidet med den interkommunale kystsoneplanen er godt i gong. Hareid kommune sin planleggar er leiar for arealgruppa og bidreg aktivt i utforminga av planen. Planprogrammet har vore på høyring, og er stadfesta av styringsgruppa. Ein har gjennomført innspelsrunde og folkemøte. Planforslaget og konsekvensutgreiinga er ferdigstilt, det einaste som gjenstår er teikning av plankartet før ein er klar for offentleg ettersyn. Grunna manglar på ressursar i dei fleste samarbeidskommunane er det per no ikkje heilt klart kva tid dette vil skje, men ein tek sikte på å få ferdigstille planforslaget så snart som mogleg. Hareid kommune vil nytte interne ressursar til teiknearbeidet.

Kommuneplanens arealdel
Arbeidet med Kommuneplanens arealdel har i periodar gått litt trått grunna ressurssituasjonen, men i mai 2018 starta arbeidet for fullt igjen. Diverre har ein ikkje hatt planleggar tilgjengeleg sidan august 2018 grunna sjukefråvær og etter kvart vakanse. Arbeidet tok til igjen i august 2019 når ny planleggar var på plass. Slik det ser ut per no vil planforslaget vere ferdig før sommaren 2020, og ein vil kunne få til eit offentleg ettersyn i løpet av sommaren 2020.

Kommuneplanens samfunnsdel
Arbeidet med Kommuneplanens samfunnsdel har starta. Planprogrammet er handsama og godkjendt. Grunna den pågåande krisa har dette planarbeidet blitt sett litt på vent, slik ein får ei betre oversikt over kva verknadar krisa har på samfunnet.

d. Avvik

Det er meldt slike avvik i Compilo dette tertialet:

Kommunal Eigedom

Det vert meldt få avvik i compilo då eigedomsavdelinga har sitt eige varslingssystem på avvik for eigedomane, Famac. Dette fungerer godt til dette formål. Dersom avdelinga får hendingar som omhandlar helse, miljø og sikkerheit/ organisasjon/ teneste og brukar vert dette meldt i compilo. Det er ikkje meldt inn alvorlege hendingar til eigedomsavdelinga dette tertialet.

Kommunalteknikk
Det er ikkje meldt avvik i 1. tertial.

Plan, byggesak og Geodata
Det er ikkje meldt avvik i 1. tertial.

Seksam
Det er ikkje meldt avvik i 1. tertial.

Kategori	Tal samla	Låg alvors-grad	Middels alvors-grad	Høg alvors-grad
Helse, miljø og tryggleik	1	x		
Organisasjon				
Teneste/brukar				

Resultat samanlikna med tidlegare tertial:
Det var meldt 2 avvik i Compilo i 2. tertial 2019.

4.4.3 Prosjektrapportering

Status på planlegging og gjennomføring av anlegg- og byggeprosjekt

Rapport på status for prosjekt vert lagt ved som eigne vedlegg:

- Kommunalteknikk
- Kommunal Eigedom

Tertialrapport 1. tertial 2020